UTDANNINGS FORBUNDET

# Protokoll

# Årsmøte i

# Stad lokallag

## 2024

Dato: 07.03.24
Stad: Nordfjord hotell
Tal til stades: 86 (inkludert to gjester frå fylkeslaget) (+ ein som gjekk tidleg)
Av desse med stemmerett: 84

| **Konstituering** | |
|---|---|
| Sak 1 | Godkjenning av innkalling |
| | Framlegg til vedtak: Innkallinga vert godkjent. |
| | Vedtak: Innkallinga vert godkjent. |
| | Val av møteleiar |
| | Framlegg til vedtak:<br>Siv Tonje Otneim og May Brith Melheim vert vald som møteleiarar. |
| | Vedtak:<br>Siv Tonje Otneim og May Brith Melheim vert vald som møteleiarar. |
| | Val av referent |
| | Framlegg til vedtak:<br>Anita Hunvik og Vivian Frøynes Melheim vert valde som møtereferentar. |
| | Vedtak:<br>Anita Hunvik og Vivian Frøynes Melheim vert valde som møtereferentar. |
| | Val av protokollunderskrivarar |
| | Framlegg til vedtak:<br>1. Kari-Lise Elvebakke Solheim (retta feil i namnet)<br>2. Tone Flem Ulvestad |
| | Vedtak:<br>1. Kari-Lise Elvebakke Solheim<br>2. Tone Flem Ulvestad |
| | Godkjenning av sakliste |
| | Framlegg til vedtak: Saklista vert godkjent. |
| | Vedtak: Saklista vert godkjent. |

| | |
|---|---|
| | Møtereglement |
| | Framlegg til vedtak: Møtereglementet vert godkjent. |
| | Vedtak: Møtereglementet vert godkjent. |
| | Valreglement |
| | Framlegg til vedtak: Valreglementet vert godkjent. |
| | Vedtak: Valreglementet vert godkjent. |

| **Årsmelding og rekneskap frå lokallagsstyret** | |
|---|---|
| Sak 2 | Leiar og HTV la fram årsmeldinga. Økonomiansvarleg presenterte rekneskapen. Årsmøtet godkjenner rekneskapen.<br><br>Merknad frå leiar: I årsmøtepapira var møtet med Magnus Jackson Krogh i Operahuset i haust utelete. Det er no teke inn i årsmeldinga.<br><br>Merknad frå årsmøtelyden:<br>Det er ynskjeleg å nytte midlane som lokallaget har fått til sine medlemmar og unngå tilbakebetaling til fylket. Midlane kan t.d. nyttast til profileringsmateriell og fleire arrangement for medlemmane.<br><br>Framlegg til vedtak: Årsmøtet tek lokallagsstyret si melding, slik den låg føre på årsmøtet, til orientering. Årsmøtet godkjenner rekneskapen med merknader frå årsmøtet. |
| | Vedtak: Årsmøtet tek lokallagsstyret si melding, slik den låg føre på årsmøtet, til orientering. Årsmøtet godkjenner rekneskapen med merknad frå årsmøtelyden. |

| **Handlingsplan 2024 – 2026** | |
|---|---|
| Sak 3 | Lokallagsleiar orienterte om styret sitt framlegg til ny handlingsplan for perioden 2024 – 2026.<br><br>Årsmøtelyden diskuterte framlegget og kom med merknader og innspel.<br><br><u>Merknader og innspel frå årsmøtelyden:</u><br><br>-Emosjonell belastning: Ynskjeleg med eit system der ein kan setje inn tiltak om tilsett seier ifrå til leiar om at dei opplever for stort arbeidspress. Kan kanskje unngå sjukemelding om ein set inn tiltak tidleg.<br><br>-BTI: Viktig å klargjere kva som er lærar/kontaktlærar sitt ansvar, og kva som er skulen som organisasjon som skal ha ansvar for. Ynskjer at lærar berre er ansvarleg for tiltak på nivå 0.<br><br>-Fokus på nynorsk. Elevane må få også nett- og digitale ressursar på nynorsk Lesestemma må fungere på nynorsk. Døme: Unibok og Lingdys.<br><br>-Arbeidstidsavtalar: Arbeide for at også leiarane vert kursa i regelverket.<br><br>-Samarbeid: Samarbeide i Nordfjord |

| | |
|---|---|
| | -Fagforeiningsmedvit: Meir konkret korleis og kva ein skal arbeide med.<br><br>-Integrering: Oppfølging eit kommunalt ansvar, ikkje skule/lærar. Bruke tolkar som er kvalifiserte/godkjende/autoriserte, ikkje lokale som kan språket. Viktig med morsmålslærarar.<br><br>-Tilbod til medlemmer: Bra med tiltak for unge medlemmar. Kanskje ha eigen plass i styret for person under 40? Treffpunkt med tema tilpassa denne aldersgruppa (ammetid, stipend og ordningar ein kan søke på gjennom UDF), kan ev vere ope for ikkje-medlemmer som eit rekrutteringstiltak.<br><br>-Ressursar: Arbeide for å ha to kontaktlærarar i store klasser (ikkje grupper – kan vere fleire klasser i ei gruppe).<br><br>- Kompensasjon for bruk av eigen mobil<br>- Flott med eit punkt om å arrangere treffpunkt for unge medlemmer<br><br>- Lokallaget må følgje opp den nye strukturen i vidaregåande frå 2025<br><br>- Lokallaget må ha fokus på tilbod om nettundervisning i vidaregåande skule. Dette kan føre til at vidaregåande skule i kommunen kan miste fagtilbod.<br><br>- Viktig å jobbe for morsmålslærarar i skulen<br><br>- Lokallaget bør jobbe for at det skal vere enklare å låne utstyr til elevar på aktivitetsdagar på t.d. BUA. Slik det er i dag må ein låne som privatpersonar. I tillegg er det ugunstige opningstider.<br><br>- I oppfølging av flyktningar har ein behov for tilsette med anna kompetanse enn lærarkompetanse i skule og barnehage for å kunne gje ei god oppfølging.<br><br>- Viktig med felles kursing av leiarar og TV i lov og avtaleverk.<br><br>- Ynskje om å forhandle fram lokalt ei brillegodtgjersle på 2000 kroner slik Stryn kommune har<br><br>- Ynskje om at lokallaget arbeider for likebehandling av private og kommunale barnehagar<br><br>-Arbeide for kompensasjon av symjetøy, vernekle / utstyr<br><br>- Arbeide for å auke kontaktlærarressursen frå 45 minutt til 90 minutt pga auke av oppgåver og arbeidsbelastning for kontaktlærarar<br><br>- Arbeide for synleg, reell handtering av avvik. Viktig at avvik blir tekne på alvor og tekne tak i.<br><br>- Endre til 2 klubbmøte i halvåret<br><br>- Legge til rette for samarbeid mellom fleire klubbar |

| | |
|---|---|
| | - Arbeide for å redusere leseplikt / undervisningstimar på barnetrinnet<br><br>- Vurdere arbeidstid – 6 timars dag og / eller 4 dagars veke<br><br>- Jobbe for meir bruk av tolk, tospråkleg fagopplæring / morsmålsundervisning - i dag vert ikkje rettane til dei fleirspråklege ivaretekne<br><br>- Førebyggje mot fysisk og emosjonell belastning i barnehagen<br><br>- Arbeide for å auke lærartettleiken for å motarbeide emosjonell belastning i skulen. I dag har ein konstant dårleg samvit for at ein ikkje når over og ikkje klarer å hjelpe elevane og gje dei det tilbodet som dei skal ha<br><br>- Tillegg / endring ordlyd om rettleiing nyutdanna nytilsett: "Bruke utarbeidd plan. Tidfesta møtetid for rettleiar og nyutdanna. |
| | Framlegg til vedtak: Lokallagsstyret tek med seg innspela frå årsmøtet i det vidare arbeidet med handlingsplanen. |
| | Vedtak: Lokallagsstyret tek med seg innspela frå årsmøtet i det vidare arbeidet med handlingsplanen. |

| **Budsjett 2024** | |
|---|---|
| Sak 4 | Framlegg til vedtak: Årsmøtet vedtek budsjettet. |
| | Vedtak: Årsmøtet vedtek budsjettet. |

| Saker innmeldt frå medlemmer og klubber innanfor lokallaget, og andre saker som lokallagsstyret legg fram | | |
|---|---|---|
| Sak 5 | A: | Emosjonell belastning (sak frå lokallagsstyret) |
| | | Etter at Frode Wollberg og gjest Linda Solemdal Solhaug hadde halde eit innlegg der dei snakka om emosjonell belastning og presenterte funn frå ei nyleg publisert undersøking vart det delt ut ei caseoppgåve til årsmøtelyden. Denne vart drøfta, deltakarane kom med nokre innspel i plenum, og leverte skriftlege innspel. Desse vil styret ta med seg i vidare arbeid.<br><br>Framlegg til vedtak: Innspel i saka vert teken til vitande. |
| | | Vedtak: Innspel i saka vert teken til vitande. |
| | B: | Tid for dei minste. (Framlegg frå lokallagsstyret)<br><br>Leiar las opp framlegg til fråsegn.<br><br>Framlegg til vedtak:<br><br>Styret publiserer fråsegna i lokalaviser og sender ho til fylkeslaget |
| | | Vedtak: Styret publiserer fråsegna i lokalaviser og sender ho til fylkeslaget |
| | C: | Kontaktlærarressurs vaksenopplæringa.<br><br>Leiar las opp framlegget til fråsegn.<br><br>Framlegg til vedtak: Årsmøtet sluttar seg til fråsegna. |
| | | Vedtak: Årsmøtet sluttar seg til fråsegna |

| Val | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Sak 6 | Leiaren i valnemnda orienterte om valnemnda sitt arbeid, og la fram deira framlegg. | | | |
| | Sak 6.1 | **Val av leiar** | | |
| | | Framlegg til vedtak: | | |
| | | | Namn: | Periode: |
| | | Leiar | Siv Tonje Otneim | 2022 – 2026 |
| | | Nestleiar | Anita Hunvik | 2024 - 2025 |
| | | Vedtak: Dei vart valde ved akklamasjon | | |
| | | | | |
| | Sak 6.2 | **Hovudtillitsvalde, utval av tillitsvalde** | | |
| | | Framlegg til vedtak: | | |
| | | HTV 1 | May Brith Melheim | 2023 – 2025 |
| | | HTV 2 | Siv Tonje Otneim | 2024 - 2026 |
| | | HTV 3 | Elisabeth Årskog | 2024 - 2026 |
| | | Vedtak: Dei vart valde ved akklamasjon | | |
| | Sak 6.3 | **Val av styremedlemmer** | | |
| | | Framlegg til vedtak: | | |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | | | Namn: | Periode: |
| | | Attval | Per Kenneth Hovdevik | 2024 – 2026 |
| | | Ikkje på val | Vivian Frøynes Melheim | 2023 – 2025 |
| | | Ikkje på val | Signy Muller | 2023 – 2025 |
| | | Ny | Marina Åsebø | 2024 – 2026 |
| | | Attval | Mariann Hatlenes | 2024 – 2026 |
| | | Ny | Ranveig Isene | 2024– 2026 |
| | | Vedtak: Valnemnda sitt framlegg til nye styremedlemmer vart valde ved akklamasjon. | | |
| | Sak 6.4 | **Val av varamedlemmer til styret** | | |
| | | Framlegg til vedtak: | | |
| | | | Namn: | Periode: |
| | | 1. | Kari-Lise Elvebakke Solheim | 2023 – 2025 |
| | | 2. | Hanne Rostad Høynes | 2024 – 2026 |
| | | 3. | Henning Haugen | 2024 – 2026 |
| | | Vedtak: Valnemnda sitt framlegg til nye varadlemmer vart valde ved akklamasjon. | | |
| | Sak 6.5 | **Val av valnemnd – eitt år** | | |
| | | Framlegg til vedtak: | | |
| | | | Namn: | |
| | | 1. | Håkon Martinussen | |
| | | 2. | Sofie Jørgensen Bakkeli | |
| | | 3. | Ine Lillebø | |
| | | 4. | Marilyn Osmundsvåg | |
| | | Vedtak: Styret sitt framlegg til valnemnd vart valde ved akklamasjon | | |

Godkjent

Nordfjordeid, 21.3.2024
Stad, dato

Protokollunderskrift

Protokollunderskrift